

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: For det meste:
Steinsvik(adresse): *Steinsvik*

G.nr. 131 Br.nr. fleire

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste, samtale med eldre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I bygda er nytta berre plog. Ard er ukjent i bruk her, men kjent andre stader frå. Det har vore prøvt med ard etter mønster andre stader frå, men berre som "forsøk" som ikkje har fått noko å sei.

2-5 fell bort.

6. Skoklene til plog heitte(heiter) Plog-greide.

7-8 fell bort.

9. Ard er ikkje bruka som nemning for harv av noko slag.

10-11-12 fell bort.


13. No brukar ein berre moderne fabrikkplogar. I 1920-åra veit eg om at heimegjord plog med veltefjøl av tre var i bruk, Men den var truleg av dei siste som var i bruk. På den garden fekk dei kring 1925 fabrikkplog, som då vart bruka til ånleg pløying, medan gamleplogen vart brukt endå nokre år til potetfårer. Plogane vart laga på gardane. Kvar gard hadde smidje og dei aller fleste var så pass nevenyttige dei laga sin eigen plog. Men alle var ikkje like flinke til slikt arbeid. Plogen nemnd ovanfor var laga av mannen på garden. Han var flink smed og trearbeidar og plogen var pent og solid arbeidd og gjorde sers godt arbeid i åkren. Veltefjøla var av tre, men skjæret av jarn.

14. Utforminga på dei gamle plogane var like mange som det var plogmakarar. Flate veltefjøler veit ein ikkje om. Dei var alltid meir og mindre vridne, og berre av tre. Sålen var av jarn, likeeins skjæret, leid på. Dei eldste plogane hadde skjær av ~~jarn~~ tre eller og horn. Plog fig. 8 kan ein med visse ikkje sei har vore i bruk her.


- 2
15. Øks/spade hadde plogkaren ikkje, men såg stundom i bruk ei lita fjøl, tilhogga som ei spade, i bruk for å reinse plogen. Denne reinseflisa hadde plogkaren stukke i beltet, eller fest på plogen. Oftast bruka han foten (skoen) til å sparke molda av veltefjøla.
 16. Plogen velta ein over til den sida veltefjøla var.
 17. Sjølve festet i plogen for draget var laga slik at det heldt plogen opp frå åkren når han vart lagt i koll. Det var då bukta her x) som låg til åkren framme, og enden av veltefjøla bak.
 18. Det var vanleg både med høgre og venstrehandsplog. Terrenget kunne vel ha sitt å seia kvifor det var gånleg med begge slag plogar. Det skulle elles ikkje vera heldig å pløya berre ein veg alle år. Truleg for at molda då vart førd for-mykje til eine kanten av åkren.
 19. Treplogane gjekk ikkje djupt, og det kunne dei heller i ikkje for i åkrane var ofte stein "S t ø y t" nokså grunt. Plogane var det ikkje djuptestille på.
 20. Plogkniv hadde ikkje treplogane.
 21. Heilt ukjent.
 22. Ukjent.
 23. Plog fig. 12 veit ingen om.

Elles spørst det om ikkje ard og har vore i bruk i gammal tid. Vi har enno nemninga ar-åsen om plog-åsen, det siste (plogåsen) er omlag aldri bruka. Men som før nemnt, er det ingen no som veit om at ard har vore bruka her. Ar-åsen uttalast som her skrive. Plog vert og uttala som det er skrive.

Av nemningar som høyrer plogen til forutan ar-åsen: Veltefjøla, skjære(t) -eit plogskjær-, handtaket, kniven (som rissar føre) stille (hjul eller slepesko på nyare plogar for dypte). Draget, -plogdrag, ein jarnlenke mellom plog og greide. Ploggreide(t) var før berre av tre med ein solid trekrok til å feste i draget. No brukar ein mest korte treskokler med jernlenke eller tau resten.



Eldre ploggreide.



Nyare.